



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Fordeling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NSMK) 2019

Fylkesmannen har fordelt tilskot til *Nærings og miljøtiltak i skogbruket* (NMSK) for 2019, jf. *Belastningsfullmakt 2019* frå Landbruksdirektoratet.

I tråd med *Regional ramme for tilskuddsmidler innen skogbruk og jordbruk for 2019* har Vestland fylke ei budsjettramme på 3,9 millionar kroner til fordeling mellom kommunane.

Bakgrunn for tildeling

Fordeling av dei statlege tilskotsmidlane til kommunane er underlagt instruksjonsretten hjå statsforvaltinga. Instruksjonsmynda er delegert frå Landbruks- og matdepartementet til Landbruksdirektoratet og fylkesmennene. Avgjersler i medhald denne instruksjonsmynda er ikkje enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2, og kan ikkje påklagast. Fordelinga mellom kommunane skjer på grunnlag av historisk avverka volum og planlagd skogkulturaktivitet. Vidare har Fylkesmannen kvart år – før sesongstart, tradisjon for eit dialogmøte med Vestskog SA og Nortømmer AS, der vi drøftar tilskotsbehov for komande sesong. Om nokre av kommunane ikkje nyttar alle NMSK-midlane vil det vere aktuelt å fordele om til andre kommunar med behov.

Landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet

Ein del areal langs kysten og på øyane ut i havgapet er ikkje eigna for skogproduksjon. Her er det samfunns- og miljømessig ønskjeleg å oppretthalde den opphavelege naturen eller tilbakeføre naturen så langt som mogeleg. Også økonomisk er desse områda uaktuelle for kogproduksjon. Landskapsregion 20 (NIBIO) har mykje av naturtypen *kystlynghei* som vi skal ta vare på. Spesielt i desse områda er det ikkje ønskjeleg med aktivt skogbruk og skogplanting. Sjå link for kart LR-20.

https://kart13.nibio.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F12_150dpi.pdf

https://kart13.nibio.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F14_150dpi.pdf

Mykje av tidlegare treplantingar i LR-20 var motivert ut frå leplanting og brensel, ikkje kvalitetsproduksjon av tømmer. I dag er kanskje vurderingane annleis og det kan vere fornuftig å fjerne slike trerekker og klynger utan å plante ny skog. Men det finst også døme på skogsbestand i



LR-20 som har gjeve gode resultat og der det ikkje har vore konflikhtar med kystlandskapet og naturtypen kystlynghei.

Fagleg føringar:

- Kommunane skal som hovudregel ikkje tilrå aktiv skogproduksjon og gje NMSK-tilskot i Landskapsregion 20, kystbygdene på Vestlandet.
- Foryngingsplikta bør vurderast med vekt på omsynet til kystlandskapet og særleg naturtypen kystlynghei.
- I område der det har vore drive kommersiell skogbruksdrift kan det likevel gjevast NMSK-tilskot, etter ei vurdering av omsynet til kystlandskapet og kystlyngheiane.

Fordeling av NMSK-midlane 2019

1201 - BERGEN	150000	1264 - AUSTRHEIM	20000
1211 - ETNE	150000	1265 - FEDJE	0
1216 - SVEIO	45000	1266 - MASFJORDEN	15000
1219 - BØMLO	15000	1401 - FLORA	40000
1221 - STORD	10000	1411 - GULEN	10000
1222 - FITJAR	35000	1412 - SOLUND	0
1223 - TYSNES	115000	1413 - HYLLESTAD	10000
1224 - KVINNHERAD	180000	1416 - HØYANGER	30000
1227 - JONDAL	20000	1417 - VIK	180000
1228 - ODDA	10000	1418 - BALESTRAND	30000
1231 - ULLENSVANG	250000	1419 - LEIKANGER	40 000
1232 - EIDFJORD	0	1420 - SOGNDAL	50 000
1233 - ULVIK	50000	1421 - AURLAND	0
1234 - GRANVIN	110000	1422 - LÆRDAL	30000
1235 - VOSS	300000	1424 - ÅRDAL	0
1238 - KVAM	115000	1426 - LUSTER	45000
1241 - FUSA	100000	1428 - ASKVOLL	10000
1242 - SAMNANGER	40000	1429 - FJALER	30000
1243 - OS	40000	1430 - GAULAR	170000
1244 - AUSTEVOLL	15000	1431 - JØLSTER	120000
1245 - SUND	5000	1432 - FØRDE	150000
1246 - FJELL	15000	1433 - NAUSTDAL	90000
1247 - ASKØY	5000	1438 - BREMANGER	90000
1251 - VAKSDAL	5000	1439 - VÅGSØY	0
1252 - MODALEN	0	1441 - SELJE	0
1253 - OSTERØY	100000	1443 - EID	180000
1256 - MELAND	30000	1444 - HORNINDAL	0
1259 - ØYGARDEN	0	1445 - GLOPPEN	120000
1260 - RADØY	140000	1449 - STRYN	170000
1263 - LINDÅS	220000		

Kontrolloppgåver i kommunane

I samband med kommunens arbeid med forynging innan tre år etter hogst og korrekt bruk av dei statlege NMSK-midlane overført til kommunane, må kommunane kvart år utføre fleire



kontrolloppgåver. Fylkesmannen vil om kort tid sende alle kommunane eit brev om årets kontrolloppgåver. Kommunane kan allereie med dette brevet vere kjend med at tildeling av NMSK-midlar for 2020 forutset 100 % utført resultat- og miljøkartlegging, foryngingskontroll, NMSK-kontroll i 2019 samt gjeldande retningslinjer for NMSK-midlane. Om kommunen ikkje har utført kontrollarbeidet innan fristen 31. desember 2019, vert det ikkje tildelt nye NMSK-midlar i 2020.

Tilskotssatsar

Satsane for tilskot vert fastsett av kommunane og elektronisk registrert i ØKS. Kommunane er pliktig å ha gjeldande retningslinjer for bruk av NMSK-midlane. Tilskot til skogkultur har tidlegare år vore på 60 - 80 % i vestlandsfylka. I Noreg (inklusive Vestlandet) har tilskot til skogkultur i gjennomsnitt vore på 16 %. I dei tradisjonelle «skogfylka» i Noreg med hogstaktivitet, vert det ikkje gjeve tilskot til *planting etter hogst*. Finansiering av planting etter hogst skjer der med bruk av avsett skogfond. Bruk av skogfond er ei gunstig ordning for skogeigarane. Årsaka til historisk særskilte høge prosentssatsar på Vestlandet har samanheng med skogreisningstida og at skogeigarane ikkje hadde skogfond. I dag vert skogen hogd slik som i andre område av Noreg og skogeigarane sett av skogfond til naudsynte investeringstiltak.

Årleg auka hogstareal og uendra budsjettamme dei siste åra har medført at Fylkesmannen sidan 2014 har tilrådd kommunane å redusere %-satsane. Mest tilskot vert utbetalt til *planting etter hogst*, og få midlar til andre tiltak. Difor har %-satsen til planting etter hogst vore avgjerande for om midlane har strekt til. Dei fleste kommunane har i dag tilskotssats 30-50 % for planting etter hogst. I dei neste åra ventar ein årleg auke i hogstareal og påfølgjande skogkulturaktivitet. Fylkesmannen vurderer at kommunane på sikt må vere førebudd på reduksjon i tilskotssats til *planting etter hogst* og heller prioritere høg tilskotssats til ungsogpleie – skjøtsel av framtidsskogen.

Skogeigarsamarbeid – høgare tilskot

Fylkesmannen vil oppmode kommunane til å fastsette høgare %-satsar for tiltak i område kor skogeigarane samarbeider på tvers av eigedomsgransene. I fleire område av fylket skjer det eit organiseringsarbeid for skogforvaltning på tvers av eigedomsgransene, der kommunane har innført høgare tilskot (t.d. Bergen kommune). Vi meiner skogeigarsamarbeid har mange fordeler og kan verdsettast med høgare tilskotsprosent.

Kommunane må fastsette %-satsar og halde seg innanfor tildelt ramme. Vi oppmodar kommunane til å prioritere tilskotsmidlane til ungsogpleie.

Tilskot til tettare planting

Fylkesmannen minner kommunane om den statlege tilskotsordninga for tettare planting. Ved nyplanting vert det gjeve 80 % tilskot for kostnaden av inntil 50 planter / daa. Ved registrering av refusjonskrav i ØKS er det viktig at kommunane nyttar «800-kodane» ved plantetal over minimum pr. daa. Sjå tabell.



Bonitet	Minimum plantetall pr. dekar	Intervall for plantetall som utløser tilskudd (inntil 50 planter/daa etter oppfylt minimumskrav)
26	220	220- 270
23	220	220- 270
20	200	200- 250
17	180	180- 230
14	160	160- 210
11	130	130- 180
8	100	100-150

Ved suppleringsplanting vert det gjeve 60 % tilskot for kostnaden av inntil 50 planter / daa med krav om at plantetalet etter supplering tilfredsstillar det fastsette minimumstal pr. daa. Sjå tabell nedanfor.

Bonitet	Minimum plantetall pr. dekar etter supplering
26	220
23	220
20	200
17	180
14	160
11	130
8	100

Ungskogpleie

Statistikken syner ein reduksjon i ungsogpleie dei siste 10 åra. Ungskogpleie er ei særst god og langsiktig investering for tilvekst, kvalitet og stabilitet. **Fylkesmannen oppmodar kommunane i 2019 til oppsøkjande verksemd hjå skogeigarane for auka ungsogpleie.** Kommunane kan enkelt hente rapportar frå ØKS over skogeigarar med potensielt behov for ungsogpleie på eigedomen. Dei aktuelle skogeigarane kan kontaktast for skogfagleg rådgjeving på eigedomen.

Skogfond

Skogfondordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur. Ordninga med skaffefordel er særst lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere særst viktig å **avsetje tilstrekkeleg skogfond.** Lågaste sats (4 %) vil ofte ikkje vere nok til å finansiere framtidig skogkulturbehov – planting og ungsogpleie. Truleg er minst 10-15 % avsett skogfond naudsynt.

Fylkesmannen vil oppmode kommunane og tømmerkjøparane om å rettleie skogeigarane til å sette av nok skogfond i tråd med framtidig investeringsbehov.



Krav om kommunale retningslinjer for NMSK

Jf. forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3 skal kommunane ha gjeldande retningslinjer for prioritering av søknader om NMSK-tilskot. Slike retningslinjer skal utarbeidast i dialog mellom Fylkesmannen og næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt. Fylkesmannen har retningslinjer for tilskot til bygging av skogsvegar og drift med taubane.

Fylkesmannen må be om kopi av gjeldande retningslinjer med tilskotssatsar før NMSK-midlane vert registrert og tilgjengeleg i ØKS.

Ta kontakt om noko er uklart.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste

- Alle kommunane i Vestland fylke
- Vestskog SA
- Nortømmer AS